

ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Att.Emilie Everett

Dykkar ref.:
24/1495

Vår ref.:
2024/624 - 7907/2024

Saksbehandlar:
Randi Marie Omdal

Dato:
11.07.2024

Svar på høyring

Helse Vest RHF takkar for invitasjon til å gi høyringsuttale på forslag til ny forskrift om energikartlegging (energikartleggingsforskrifta).

Oppsummering

Kravet om energikartlegging ligg i energilova. I forskrifta blir det foreslått nærmare føresegner om kva føretak som blir omfatta og om innhaldet til kartlegginga.

Det følger av energikartleggingsforskrifta § 2 at forskrifta gjeld energikartlegging i føretak som driv «økonomisk aktivitet» i Noreg.

Formålet med forskrifta er å fremme energieffektivitet i føretak.

Innspel til høyringa

Det følger av forskriftas § 2 at forskrifta omfattar alle aktørar som hovudsakleg driv økonomisk aktivitet, uavhengig av selskapsform og organisering, og som har ein årleg gjennomsnittleg energibruk i Noreg på minst 2,5 GWh dei siste tre åra.

Helse Vest sine helseføretak jobbar kontinuerleg med energireduserande tiltak.

Det var for Helse Vest uklart om helseføretak blir omfatta av den nye forskrifta, og Helse Vest stilte i samband med dette eit skriftleg spørsmål til Energidepartementet 25. juni 2024. Helse Vest fekk svar på førespurnaden 28. juni 2024. Det kjem blant anna fram av svaret at departementet gjennomførte ei offentleg høyring av ein tidlegare versjon av forskrifta i 2020. Det vart den gongen vist til at offentleg helse-, sosial-, skole- og utdanningstenester osv. som er finansierte av det offentlege og ikkje av brukarane, og som er allment tilgjengelege og underlagt offentleg tilsyn, typisk ikkje blir rekna som økonomisk aktivitet.

Helse Vest RHF forstår det slik at forskrifta ikkje gjeld for helseføretak. Dersom det likevel skulle vere slik at helseføretak skal omfattast, bør dette klargjerast nærmare.

Vennleg helsing

Ivar Eriksen
eierdirektør

Randi Marie Omdal
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Ivar Eriksen eierdirektør

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemdar: [eDialog](#)
- Offentlege verksemdar: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)